



Dugnadsfolket spreidde seg utover i feltet etter kvart som dei kom.

**I ettermiddag vart den årvisse vårdugnaden i Korsnes avvikla. I det strålende vårveret var det særst godt frammøte. Då folket arbeidde over eit stort område er det vanskeleg å koma med eit eksakt tal, men eg vil tru det var mellom 40 og 50 store og små i positiv aktivitet.**

Hovudføremålet med dugnaden var å koste og rydde etter vinteren, og med så mange i arbeid vart mykje gjort, og det er ikkje til å leggja skjul på at det er behov for ei slik opprydding. Ikkje alt er like kjekt. Ryddemannskapa klaga på at dei fann ein del skitbleier både rundt dei to busskura og ved ballbingen. Dette bør ein sleppe. Skitbleiene bør kvar ein skild ta ansvar for etter å ha skifta.

I tillegg til det vanlege vårpussarbeidet vart det og gjort reperasjonsarbeid på eit postkassestativ. I nær framtid vert det dugnad i stranda. Dessutan kjem det snart eit lys til ved ballbingen. Dermed vert den godt opplyst til aktivitet på kveldstid også i den mørkare årstida. Lysa er sponsa av Kvinnherad Vekstbedrift, og leiar i Korsnes Vel Tor Edward Taranger uttrykkjer at dei er svært takksame for det.

Det sosiale er og viktig på ein slik dugnad. For nokre var ikkje arbeidstempo hardare enn at det var tid til god prat. Økta var avslutta med kaffi, kjeks, saft og prat. Svært koseleg at Lene Taranger ordna med dette!!

Av: Thor Inge Døssland.



Prat og matøkt høyrer saman med dugnad.